

Fra: Anngunn Gullbrå
Sendt: 19. august 2014 15:50
Til: 'brskeie@hotmail.com'
Emne: Svar på epost 12 august 2014

Hei

Til dykkar spørsmål:

1.

Det er ikkje noko i vegen for å tildela eiga adresse til bustaden i 1. etasje på gnr 25 bnr 121. Det går fram av både opphavlege byggeteikningar – og nye at denne bustaden inneheld 2 bueiningar og skal difor ha bygningstypen 112 – einebustad med hybel/ sokkelleilighet. Kvifor dette var omsnakka sist år, men ikkje gjort noko med, kan eg ikkje gjera greie for i dag.

Bygningstypen er no endra og ny adresse Fosse 172 vert i eige vedtak tildelt bueininga i underetasjen. Eg treng å få oppgitt kor stor bueininga i underetasjen er(BRA) for å registrera denne rett i matrikkelen og helst også BRA for hovudleiligheta.

2.

Spørsmål om arealoverføring:

Skal eigedommen seksjonerast med uteareal eller utan uteareal?

Skal seksjonane ha eksklusiv bruksrett til uteareal eller skal alt utearealet vera felles? Dersom dei skal ha eksklusiv bruksrett til areal må det haldast oppmålingsforretning på desse før seksjoneringa kan utførast!

Dersom de skal seksjonera utan oppmåling av eksklusivt uteareal til seksjonane, kan dette strengt tatt gjerast før arealoverføringa. Men kartet som ligg ved til seksjoneringa vil då vera svært misvisande for ettertida.

I dette tilfellet vil eg likevel sterkt anbefale at eigedommen vert oppmålt før seksjonering då grensene som ligg i kartet er unøyaktige og inneheld vesentleg feil. Arealet er oppgitt til å vera 1 300m² – truleg frå skylddelinga- medan grensene slik dei ligg i kartet i dag utgjer heile 1 999 m²- altså eit avvik på heile 700 m². Den store feilen i kartet tilseier at arealoverføringa og derunder oppmåling av heile tomte bør utførast før seksjonering.

Kostnad med arealoverføring:

Søknad om dispensasjon: 10 100
Handsaming av arealoverføring 8 000
Arealoverføring oppmålingsgebyr 10 000 (areal opptil 500 m²)
Tinglysingsgebyr 2* 525

Seksjonering utan uteareal: 2 580
Tinglysingsgebyr 525

Seksjonering med uteareal: Dette avheng av storleiken på areala frå 10 000 til 16 700 pr seksjon.

Håpar dette var svar på dykkar spørsmål. Eg ber om tilbakemelding med oppgitt BRA, helst på begge bueiningane i huset etter tilbygga er tatt i bruk!

Med venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå

Fagansvarleg Geodata

Tlf: 5617 1181/ 1000

E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)